



OLJE- OG ENERGI/TRANSPORT		
04	1944	263
2005 - 7 03 08		
AK	521	Etne, 01.03.2005

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2004001842/2005000843

Arkiv:

N-

Sakshandsamar:

ELH

HØRING - NOU 2004 26 HJEMFALL

Saka var handsama 01.03.2005. Vedlagt fylgjer kopi av saksutgreiing.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune sitt syn kan oppsummerast i følgjande konklusjonar:

- Den norske stat må føreta ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
- Saka bør ikkje fremjast for Stortinget for endeleg behandling før grundigare konsekvensutgreiingar føreligg
- Heimfallsaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og saka vedkjem vitale verdiar og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
- Eit stort og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap
- Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlege eigardelar. Framlegget tek korkje i vare dei nasjonale interesse som føreligg, eller omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap
- Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynlege omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerkningen, med unntak av pkt. g. nedafor
- Når det gjeld forslag til trappetrinnsmodell og fordeling mellom vertskommunen og fylket/regionen, føreslår Etne kommune at det blir lovbestemt at delen som tilfell fylket/regionen skal bli sett av til fond som skal nyttast til veg, samferdselstiltak og næringsutviklingstiltak i det distriktet som vertskommunen soknar til
- Private kraftverk, der vassfalla blei erverva før 1909, må underkastast dei same heimfallsreglane som andre private vassfall og kraftverk."





Etne kommune sitt syn kan oppsummerast i følgjande konklusjonar:

1. Den norske stat må føreta ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
2. Saka bør ikkje fremjast for Stortinget for endeleg behandling før grundigare konsekvensutgreiingar føreligg
3. Heimfallsaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og saka vedkjem vitale verdiar og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
4. Eit stort og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap
5. Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlege eigardelar. Framlegget tek korkje i vare dei nasjonale interesse som føreligg, eller omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap
6. Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynlege omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerknaden, med unntak av pkt. g. nedafor
7. Når det gjeld forslag til trappetrinnsmodell og fordeling mellom vertskommunen og fylket/regionen, føreslår Etne kommune at det blir lovbestemt at delen som tilfell fylket/regionen skal bli sett av til fond som skal nyttast til veg, samferdselstiltak og næringsutviklingstiltak i det distriktet som vertskommunen soknar til
8. Private kraftverk, der vassfalla blei erverva før 1909, må underkastast dei same heimfallsreglane som andre private vassfall og kraftverk."



Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	28.02.2005	017/05	ELS

Sakshandsamar: Elling Hetland	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2004001842
----------------------------------	-----------	---------------------------

HØRING - NOU 2004 26 HJEMFALL

Vedlegg i saka:

Notat frå KS, datert 29.12.2004; Hjelp til arbeidet med høring av forslag til endringar i reglene om hjemfall

Utrykte saksdokument:

NOU 2004: 26 Hjemfall

Saksgang:

Formannskapet

Utskrift til:

Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

Rett utskrift
ETNE KOMMUNE

STABEN: ^{04/03.05}

Alice K. Tjeflaat

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Høyringsuttale frå Etne kommune vedkommande NOU 2004:26, Heimfall

2. Bakgrunn for saka:

Olje- og energidepartementet (OED) sette ned ved kongeleg resolusjon 4. april 2003 et breitt samansett utval for å utgreie ein vidareført heimfallsordning og utforminga av denne. Utvalet skulle også vurdere behovet for endringar i det nåverande heimfallsregimet og konsekvensane av å oppheva heimfallsinstituttet.

Utvalet overleverte utgreiinga si, NOU 2004:26, til OED 30. november 2004. OED sendte utgreiinga til høyring til bl.a. kommunane med høyringsfrist seinast 1. mars 2005.

Med vedlegg er utgreiinga på over 250 sider (Utrykt saksdokument). I tillegg er det relativt tungt og komplisert stoff for dei som ikkje har vore borte i sakskomplekset tidlegare.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har utarbeida et notat (vedlegg) som bl.a. kommunane og fylkeskommunane kan bruke til hjelp i arbeidet med utgreiinga. Her gjennomgår KS på ein forståeleg og oversiktig måte hovudpunkta og konklusjonane i utgreiinga, både fleirtals- og mindretalsforslaga. Notatet gjennomgår grundig argumentasjonen for mindretallets forslag. Mindretallet består i forhold til de mest sentrale problemstillingane, av KS saman med LVK (Landssammenslutningen av Vasskraftkommunar) og LO.

3. Problemstilling:

Viktige problemstillingar i saka er som følgjer:

1. Målsetjing med endringane i Heimfallsordninga
2. Det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren
3. Tilhøve til dagens offentlege eigarar
4. EØS-avtalen
5. Lengd av konsesjonstida
6. Private konsesjonærar
7. Vertskommunane sine interesser

4. Vurdering:

1. Målsetjing med endringane i Heimfallsordninga

Heimfallsordninga vart innført av Stortinget for hundre år sida for å sikra eit nasjonalt eigarskap til våre vasskraftressursar. Heimfallsordninga – som gjev private/utanlandske eigarar tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten og offentlege eigarar evigvarande konsesjonar – har sytt for at kraftsektoren i dag er eigd av det offentlege med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ein berejvelke i det norske samfunn. Samtidig som sektoren rår over nokre av våre viktigaste naturverdiar utgjer den ein vital infrastruktur i samfunnet vårt.

Alle som vil utnytte vassdrag til produksjon av elektrisk kraft, må ha konsesjon frå Stortinget – det vil si at man får et samtykke/bevilling/løyve til å drive økonomisk verksemd gjennom å utnytte vasskrafta til produksjon og sal av elektrisk kraft.

Heilt frå de første konsesjonslovane har det i norsk rett vore etablert eit skilje mellom offentlige eigarar på den eine sida og private og utanlandske eigarar av kraftføretak på den andre sida. Ein privat eller utanlandsk utbyggjar gis konsesjon for ein tidsavgrensa periode på inntil 60 år. Er derimot utbyggaren ein kommune, fylkeskommune eller staten sjølv – eller eit selskap som i hovudsak er eigd av desse – gis konsesjonen på uavgrensa tid. (Denne forskjellsbehandlinga er ein hovudgrunn til at denne saken om heimfallsordninga nå er kome opp.)

Heimfall vil sei at etter utløpet av konsesjonsperioden, skal vassfallet, produksjonsanlegg og alle andre innretningar i tilknytning til dette, ”heimfalle” til staten – det vil sei at eigedomsretten til vassfalla og dei tilhøyrande kraftanlegga, overførast vederlagsfritt til staten.

I dag reknar ein med at ca. 6 – 7 prosent av vasskraftproduksjonen i Noreg er underlagt reglane om heimfall.

Om lag 90 prosent av vasskraftproduksjonen skjer gjennom offentlig eigde selskap som har evigvarande konsesjonar. Ca. 40 prosent av vasskraftsektoren er i dag eigd av kommunar og fylkeskommunar.

Når Heimfallsutvalet føreslår endringar i heimfallsreglane, set utvalet i spel grunnlaget for dagens eigarskap i vasskraftsektoren. Samtidig uttaler eit samla utval på s.12:

”Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse naturressursene til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursene blir utnyttet på best mulig måte ut fra samfunnets interesser nå og i fremtiden, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidler.”

Kommunen er samd i denne skildringa av kraftsektoren sin betydning. Når utvalet då føreslår gjennomgripande endringar i heimfallsordninga, burde følgjande føresetnader vore til stades:

- Utvalet har ei klar målsetjing med dei endringar som vert føreslegne
- Utvalet har eit klart oversyn over verknadane av føreslegne endringar

Eit fleirtal på ni av utvalet sine tolv medlemar føreslår at konsesjonsinnehavar på heimfallstidspunktet skal få ein ubetinga rett til ein andel av anlegga eller av verdien av anlegga. Denne retten til eit evigvarande eigarskap vil auke marknadsv verdien av kraftanlegga i dag. Dette framlegget vil forsterka salspresset på dagens offentlege eigarar ytterlegare.

Kommunen kan ikkje sjå at fleirtalet har skildra eit klart mål med dei endringsframlegga som er fremma. Heller ikkje kan kommunen sjå at fleirtalet har gjeve noko klar skildring av dei verknader endringane vil ha t.d. i høve til dei store samfunnsverdiar som kraftsektoren forvaltar, jamfør det grunnleggjande forvaltningsprinsipp i plan- og bygningslova § 33-1 om at; *”Formålet med en konsekvensutredning er å klargjøre virkninger av tiltak som kan ha vesentlige konsekvenser for miljø, naturressurser eller samfunn”*.

Det har tidlegare vore opplyst at regjeringa har hatt som mål å fremma sak for Stortinget våren 2005, basert på Heimfallsutvalet si innstilling.

Når innstillinga både manglar ei klar målsetjing og konsekvensutgreiingar, vil kommunen føreslå at saka ikkje vert fremma så raskt og før desse grunnlaga er til stades.

2. Det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren

Heimfallsutvalet sitt mindretal, beståande av representantane for KS, LO og LVK har i ein felles uttale (innteken i innstillinga kap.10.4.3) fremma andre framlegg til nye heimfallsmodellar. I denne vert det m.a. uttalt:

”Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Bare gjennom et omfattende offentlig eierskap kan disse verdiene sikres for senere generasjoner.”

Kommunen sluttar seg fult ut til dette og til dei grunngevingar som mindretalet har gjeve.

Fleirtalet ønskjer å leggje til rette for auka utanlandsk eigarskap i vasskraftsektoren, jamfør følgjande frå s. 142 i utgreiinga:

”Flertallets forslag til fremtidig hjemfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren. (...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringer.”

Kommunen vil syna til at uavhengige økonomisk sakkyndige har konkludert med at fleirtalet sitt framlegg ikkje berre ”kan” innebere auka privat og utanlandsk eigarskap, men mest sannsynlig vil gjere det, og at det offentlege utsalet vil verte betydeleg.

Fordi dette strir mot kommunen sitt syn på det framtidige eigarskapet i kraftsektoren, vil kommunen motsetja seg fleirtalet sitt framlegg til framtidige heimfallsmodellar.

3. Tilhøve til dagens offentlege eigarar

Dagens offentlege eigarskap er delt mellom staten med 50 prosent gjennom Statkraft AS, og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 prosent.

Etne kommune eig ikkje i kraftproduksjonsanlegg, men er vertskommune for Haugaland Kraft AS sin konsesjon i Litledalen/ Hardeland.

Ein del av nedslagsfeltet til Sunnhordland Kraftlag AS sine anlegg i Kvinnherad kommune ligg i Etne.

Det er kommunen sitt syn at det spreidde offentlege eigarskapet har mange positive sider, og at ei framtidig heimfallsordning bør gje grunnlag for ei vidareføring av dette.

Fleirtalet på ni føreslår at konsesjonsinnehavar på heimfallstidspunktet skal gjevast ein ubetinga rett til ein andel i det heimfalte anlegg. Framlegget skal mellom anna tilgodesjå dei offentlege eigarar som ønskjer å selje ved at; *"dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraftproduksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet"*. Dette vil med andre ord forsterka presset på sal som frå før ligg i fleirtalet sitt framlegg. Også av den grunn vil kommunen motsetja seg fleirtalet sitt framlegg, som direkte er eigna til å undergrave dagens offentlege eigarskap.

Det er frå media ei kjent sak at utanlandske kraftføretak er sterkt interessert i å kjøpa seg inn i norske vasskraftanlegg. Fleirtalet sitt framlegg vil gje slike kraftføretak evigvarande rettigheter til norske vasskraftressursar. På dette punktet vil fleirtalet sitt framlegg direkte motarbeida viktige nasjonale interesse knytt til vasskraftsektoren.

4. EØS-avtalen

Tilhøva til EØS-avtalen har vore sentralt for Heimfallsutvalet, og det heiter i kap 10.2.6 at; *"Det er en sentral premiss for utvalget at forslaget til et fremtidig hjemfallsregime skal være robust i forhold til de forpliktelser Norge har gjennom EØS-avtalen."*

Mindretalets framlegg om ein transaksjonsmodell tek sikte på å handsama likt alle framtidige konsesjonsinnehavarar, uavhengig om desse er offentlege eller private. På denne måten søkjer mindretalet å ivareta målsettinga i EØS-avtalen om fri etableringsrett og fri kapitalflyt, som er dei bestemmelsane som ESA syner til når dei kritiserer dagens norske reglar.

Det går fram av utvalet si innstilling at utvalet sin EØS-utgreiar har uttrykt skepsis til mindretalet sitt framlegg til ein såkalla transaksjonsmodell, og at fleirtalet; *"har lagt stor vekt"* på dette (s.126). Kommunen konstaterar at også staten sine tre representantar i utvalet tilhøyrer dette fleirtalet. Vidare konstaterar kommunen at staten så seint som i brev av 19. april 2002 til ESA hevda at; *"konsesjonssystemet med tidsbegrensede konsesjoner og hjemfall er ledd i den statlige forvaltningen av eiendomsretten til vannfallene, og det fremgår av EØS-avtalens artikkel 125 at avtalen ikke på noen måte skal berøre avtalepartenes regler om eiendomsretten."*

Kommunen sluttar seg til mindretalet sitt syn om at det har oppstått ein uhaldbar situasjon i høve til EØS-avtalen. Det er lite tillitsvekkande at den norske stat på den eine sida fastheld at EØS-avtalen ikkje legg avgrensingar på våre konsesjons- og heimfallsreglar, og på den andre sida tilpassar sine synspunkt til at avtalen likevel gjeld fullt ut.

Kommunen meiner at det er maktpåliggjande at staten avklarar med ESA om, og i tilfelle i kva omfang, EØS-avtalen legg føringar for vår framtidige heimfallsordning.

5. Lengd av konsesjonstida

Eit knapt fleirtal på sju i utvalet går inn for at framtidig konsesjonslengd vert sett til 75 år, medan mindretalet på fem føreslår 60 år, som er dagens ordning.

Eit samla Heimfallsutval går inn for reglar som gjev ei vesentleg større marknadsopning enn dagens reglar. Det er kommunen sitt syn at dess større marknadsopning er, dess viktigare er det med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. Kommunen meiner det bør vere ei overordna

målsettinga om å behalda eit tungt offentleg eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt. Av den grunn støttar kommunen mindretalet sitt framlegg om konsesjonstid på 60 år.

6. Private konsesjonærar

Om lag 10 prosent av kraftforsyninga er eigd av private føretak, i hovudsak den kraftkrevjande industrien. Omlag 6,5 prosent av desse har tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten.

Fleirtalet føreslår å omgjere dagens konsesjonar til nye tidsavgrensa konsesjonar på 75 år frå lovendringstidspunktet, og med evigvarande rett til 1/3 av anlegget for konsesjonsinnehavar. Framlegget synes i hovudsak å vere motivert av EØS-utgreiaren sine konklusjonar.

Mindretalet føreslår å vidareføra dei rettane konsesjonærane har i dag. Fleirtalet sitt framlegg vil innebera at dei private får ei forlenging som er lengre enn kva dei opphavleg fekk konsesjon til. Fleirtalet sitt framlegg vil vidare medføra ei verdioverføring på fleire milliardar kroner frå stat og kommune til privat sektor, heilt utan vilkår om til dømes kor krafta skal brukast.

Kommunen gjev si tilslutning til mindretalet sitt syn og syner til det som ovanfor er sagt om tilhøvet til EØS-avtalen.

Meir enn 30 prosent av dei private kraftanlegga er i dag heilt konsesjonsfrie fordi dei vart bygd før konsesjonslovene av 1909. Mindretalet går inn for å likestillast desse anlegga konsesjonsrettsleg med dei andre kraftanlegga med grunnlag i nye reglar.

Dersom det syner seg nødvendig å endre dagens evigvarande konsesjonar for offentlege eigarar til tidsavgrensa konsesjonar, er det kommunen sitt syn at også evigvarande rettar hos dei private konsesjonsinnehavarane må omgjerast på same måte.

7. Vertskommunane sine interesse

Heimfallsutvalet foreslår å vidareføra dagens lovbestemte heimfallsrettar for dei berørte vertskommunane, men med visse avgrensingar i gjeldande "trappetrinnsreglar". Framlegget, saman med framlegget om å innføra tidsavgrensa konsesjonar for alle (enten straks som fleirtalet eller ved transaksjon som mindretalet), vil føra til at omfanget av anlegg som heimfell aukar vesentleg. Utvalet har i tillegg også gått inn for at vertskommunane sin eigardel skal utreknast med bakgrunn i ein ny "trappetrinnsmodell" som vil føra til at eigardelen blir forholdsmessig redusert jo større dei heimfelte anlegga er.

Det aktuelle forslaget om ein trappetrinnsmodell blir av utvalet grunngeve med at ein ønskjer å "moderere" inntektene til de kraftkommunane som har størst inntekter.

Det er også foreslått at fylkeskommunen eller framtidige regionar som kjem i staden for fylkeskommunen, skal få del i tredjedelen som i utgangspunktet skal tildelast vertskommunen – slik at differansen mellom tredjedelen og det som etter den nye føreslegne trappetrinnsmodellen skal tildelast vertskommunen, vert tildelt fylkeskommunen/regionen.

Nedanfor har me satt opp ein modell som viser vertskommunane sin eigardel av utbyttet (ikkje i kroner, men i GWh) med bakgrunn i dagens trappetrinnsmodell samanlikna med forslaget til ny modell frå utvalet:

Produksjon	Kommunane sin del – dagens trappetrinnsmodell	Heimfallsutvalet sitt forslag – ny trappetrinnsmodell
Inntil 250 GWh	1/3 (33 %)	1/3 (33 %)
Neste 250 GWh	1/4 (25 %)	1/10 (10 %)
Over 500 GWh	1/8 (12,5 %)	1/20 (5 %)
Over 1000 GWh	1/8 (12,5 %)	1/200 (0,5 %)

Haugaland Kraft AS har i dag ein produksjon ved anlegget sitt i Etne kommune på mellom 200 og 300 GWh.

Rådmannen er usikker på korleis utslaga vil bli i forhold til kommunen sin del av produksjonen til Sunnhordland Kraftlag AS som skriv seg frå nedslagsfeltet i Etne kommune.

Kommunen støttar framlegget til vidareføring av vertskommunane sine rettar og framlegget til ny ”trappetrinnsregel”, slik eit samla utval går inn for.

Det er likevel stor uvisse knytt til korleis kommune- og regionsstruktur blir i framtida og kva som då bør takast omsyn til når det gjeld den delen som tilfell fylket/regionen. Rådmannen føreslår at det blir lovbestemt at delen som tilfell fylket/regionen skal bli sett av til fond som skal nyttast til veg, samferdselstiltak og næringsutviklingstiltak i det distriktet som vertskommunen soknar til.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune sitt syn kan oppsummerast i følgjande konklusjonar:

- a. Den norske stat må føreta ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
- b. Saka bør ikkje fremjast for Stortinget for endeleg behandling før grundigare konsekvensutgreingar føreligg
- c. Heimfallsaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og saka vedkjem vitale verdiar og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
- d. Eit stort og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap
- e. Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlege eigardelar. Framlegget tek korkje i vare dei nasjonale interesse som føreligg, eller omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap
- f. Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynlege

omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerknaden, med unntak av pkt. g. nedafor

- g. Når det gjeld forslag til trappetrinnsmodell og fordeling mellom vertskommunen og fylket/regionen, foreslår Etne kommune at det blir lovbestemt at delen som tilfjell fylket/regionen skal bli sett av til fond som skal nyttast til veg, samferdselstiltak og næringsutviklingstiltak i det distriktet som vertskommunen soknar til
- h. Private kraftverk, der vassfalla blei erverva før 1909, må underkastast dei same heimfallsreglane som andre private vassfall og kraftverk."

28.02.2005 FORMANNSKAP

F-017/05 VEDTAK: Samrøystes

Etne kommune sitt syn kan oppsummerast i følgjande konklusjonar:

1. Den norske stat må føreta ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
2. Saka bør ikkje fremjast for Stortinget for endeleg behandling før grundigare konsekvensutgreiningar føreligg
3. Heimfallsaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og saka vedkjem vitale verdiar og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
4. Eit stort og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap
5. Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlege eigardelar. Framlegget tek korkje i vare dei nasjonale interesse som føreligg, eller omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap
6. Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynlege omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerknaden, med unntak av pkt. g. nedafor
7. Når det gjeld forslag til trappetrinnsmodell og fordeling mellom vertskommunen og fylket/regionen, foreslår Etne kommune at det blir lovbestemt at delen som tilfjell fylket/regionen skal bli sett av til fond som skal nyttast til veg, samferdselstiltak og næringsutviklingstiltak i det distriktet som vertskommunen soknar til
8. Private kraftverk, der vassfalla blei erverva før 1909, må underkastast dei same heimfallsreglane som andre private vassfall og kraftverk."